

ÅRSPLAN

BLÖTNDEN

BARNEHAGE



2024-2026

Innhald

1. Forord	3
2. Blåtinden barnehage	4
3. Satsingsområde	5
3.1 Mat og kosthald.....	5
3.2 Dyra våre	5
3.3 Kjøkkenhagen vår	6
3.4 Fysisk aktivitet	6
4. Leik, omsorg, læring og danning.....	7
5. Samarbeid med barna sin heim	9
5.1 Foreldresamtalar	9
6. Tilvenning.....	10
7. Overgangar	10
8. Barnehage- skule	11
9. Progresjon.....	12
10. Rammeplan for barnehagen	13
10.1 Formålet med og innhaldet i barnehagen	13
11. Fagområda i rammeplanen	14
9.1 Kommunikasjon, språk og tekst	14
9.2 Kropp, rørsle, mat og helse	14
9.3 Kunst, kultur og kreativitet.....	15
9.4 Natur, miljø og teknologi.....	15
9.5 Mengd, rom og form	15
9.6 Etikk, religion og filosofi	16
9.7 Nærmiljø og samfunn	16
12. Kontakt	17
.....	17

1. Forord

Barnehagen sine styringsdokument er:

- Lov om barnehage ([Lovdata](#))
- Rammeplan for barnehage ([Rammeplan for barnehagen](#))
- FN' barnekonvensjon ([FNs barnekonvensjon](#))

I barnehagelova finn vi det regelverket som gjeld for barnehagen. Rammeplanen er ei føreskrift til lova som gir retningslinjer for barnehagen sitt verdigrunnlag, innhald og oppgåver. FN' barnekonvensjon er ein internasjonal avtale om barnsrettigheter. Den er også kalt barnas eiga grunnlov. Desse tre dokumenta utgjer barnehagen sitt samfunnsmandat.

Årsplanen er barnehagen sitt overordna pedagogiske dokument og er fastsett av barnehagen sitt samarbeidsutval. Planen er eit forpliktande arbeidsverktøy for personalet og eit dokument som viser foreldra kva tilbod barna får i barnehagen.

Med visjonen «aktiv, sunn og lukkeleg barndom», satsar Blåtinden barnehage på helse, kosthald og fysisk aktivitet. Vi er stolte av å kunne tilby sunn og variert mat og har eigen kjøkkenassistent 4 dagar i veka. Berekraft drift er viktig for oss; vi dyrkar grønsaker, har dyr, komposterar og kildesorterar.

Med vennleg helsing

Lovise Warholm Skeide
Dagleg leiar



2. Blåtinden barnehage

Blåtinden barnehage starta opp i nytt og fint bygg i desember 2006. I 2015 bygde vi på barnehagen slik vi fekk eiga storbarns- og småbarnsavdeling, Bærtua 0-3 år og Fuglereiret 3-6 år. Våren 2016 var også nytt og oppgradert uteområde ferdigstilt. Barnehagen ligg idyllisk til i Haddal i Ulstein kommune. Barnehagen er omkransa av fjell, fjord og skog; noko som gir tilgang til eit unikt naturområde.



Vi har eit unikt nærmiljø som vi kan bruke som arena for leik, undring, utforsking og læring. Ein aktiv kvardag, der barna opplever glede, fellesskap, lærdom og mestringsfølelse av å vere i varierte fysiske aktivitetar. Kropp og hjerne høyrer saman, og grunnlaget for gode vanar blir lagde i barndommen. Vi tilbyr eit balansert og næringsrikt kosthald for barn i vekst. Barna i Blåtinden barnehage skal motiverast til å ete sunn mat og få ein grunnleggjande forståing for korleis sunn mat kan bidra til god helse.

3. Satsingsområde

3.1 Mat og kosthald

Gode vanar som ein tileignar seg i barnehagealder, kan vare livet ut. Vi ønskjer å legge til rette for eit godt grunnlag hjå barna med eit variert og sunt kosthald i barnehagen. Vi har eigen kjøkkenassistent 4 dagar i veka som bidreg til eit variert og balansert kosthald til barna. Vi har fokus på å nytte reine råvarer, sjølvdyrka råvarer og lagar all mat frå botnen av. Heimelaga grovbrød blir servert kvardag og barna får aktivt delta i matlaging og medverke i mat og måltidsaktivitetar.



3.2 Dyra våre

I barnehagen har vi høner og hane. Dei får noko av matrestane våre, og gir oss egg som vi brukar i matlaginga. Vi har kaninar som får gå fritt rundt i barnehagen. Barna får delta i den daglege omsorga og vedlikehald rundt dyra. Dei hentar egg, reinsar bur og fyller på mat.. I periodar har vi klekt fram kyllingar, her får barna sjå på nært hald korleis eit dyreliv blir til. Dette kan bidra til å skape forståing og respekt for dyr og dyreliv. I lokal miljøet har vi tilgang på å kome nærme dyr, både besøk inn i fjøsen men også når dyra er ute på beite.



«Måltid og matlaging i barnehagen skal gi barna eit grunnlag for å utvikle matglede og sunne helsevanar» (RP s. 11)



3.3 Kjøkkenhagen vår

I kjøkkenhagen vår dyrkar vi blant anna agurk, tomat, sukkererter, paprika, gulerot og poteter. Frå mai til september nyttar vi eigenproduserte grønnsaker i matlaginga. I frukthagen har vi plomme og epletre, samt bærbusker av ymse slag. Kjøkken er stadig i utvikling og har som mål framover å nytte kjøkkenhagen meir som pedagogisk arena for læring.

Barna er med på å så frø, plante, stelle og hauste i kjøkkenhagen. Vi er opptekne av heilskapleg læring det vil sei at barna skal lære og forstå kvar maten kjem frå, matproduksjon og vegen frå mat til måltid.

3.4 Fysisk aktivitet

Vi ønsker at alle barn skal oppleve å inkluderast i aktivitetar der dei opplever trivsel, glede og meistring ved allsidige rørsleerfaringar, inne og ute, året rundt.

Ved å ha fokus på at barna skal bli kjende med sin eigen kropp, få ei positiv oppfatning av seg sjølve og blir kjende med sine egne kjensler er med på å styrke sjølvbilde og sjølvkjensla til barna og bidra til at barna blir gla i å bruke kroppen og ser glede i å vere fysisk aktiv.



«Barnehagen skal være ein arena for dagleg fysisk aktivitet og skal stimulere rørslegleda og den motoriske utviklinga til barna» (RP s. 11).

3.5 Berekraftig utvikling og gjenvinning

Barnehagen har eit aukande fokus på berekraftig utvikling og gjenvinning. Gjennom satsingsområda våre og fagområda i rammeplanen får barna i Blåtinden erfaring i å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen.

Barnehagen har Bokashi-kompostering, som gjer at matavfallet vårt blir til ny jord.

Den næringsrike kompostjorda har kome godt til nytte i kjøkenhagen og drivhuset til barnehagen. Vi forlèt alltid naturen slik vi fann den og er opptatt av å plukke med oss søppel vi finn ute på tur. Vi har fokus på at viss alle gjer litt vil det utgjere ein stor forskjell for alle.

«Berekraftig utvikling handlar om at menneska som lev i dag, får dekt dei grunnleggande behova sine utan å øydelegge framtidige generasjonar sin sjanse til å få dekt sine behov» (RP s. 10).

4. Leik, omsorg, læring og danning

Vi ønske at barna skal få trygge rammer når dei er i barnehagen. Der dei får utfalde seg både fysisk, kjenslemessig og får ei oppleving av barndommen sin eigenverdi. Barna skal oppleve at dei får høve til å ha innflytelse i eigen kvardag, der dei blir sett og høyrte.

- ♥ Leiken skal leggest vekt på og ha ein sentral plass i barnehagen.
- ♥ Eigenverdien til leiken må og skal anerkjennast.

- ♥ Barn brukar leiken til å uttrykke seg og det er gjennom leiken dei lærer.
- ♥ Gjennom leiken fremjar ein danning, der barna skal få ei forståing av felles verdiar og normer som er viktige for fellesskapet.



- ♥ Gjennom leiken lærer barna å sette seg inn i andre sine kjensler, og å vise omsorg for dei rundt seg.
- ♥ Leiken bidreg til eit godt samhold i gruppa, samtidig som alle blir bevisst på si eiga rolle og sitt eige individuelle uttrykk.
- ♥ Vaksenrolla er viktig i forhold til å støtte og hjelpe barna i leiken.
- ♥ Vi vaksne skal vise omsorg gjennom varme, støttande, lyttande og samtidig sette klare og tydelege grenser for barna. Då blir barna trygge på oss og på kvarandre.



«Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å vareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling» RP s. 7

5. Samarbeid med barna sin heim

Vi har fokus på å skape gode relasjonar mellom heim og barnehage. Vi møter føresette og barn på ein høfleg og venleg måte kvar gong dei kjem i barnehagen. Personalet skal arbeide for å finne balanse mellom respekt for føresette sine prioriteringar, og å ivareta barna sine rettigheter og grunnleggande fellesverdier som barnehagen er forplikta til.

5.1 Foreldresamtalar

Vi tilbyr føresette samtale to gongar i året, ein på hausten og ein på våren. Dette er ein arena der føresette og personale kan utveksle observasjonar om utvikling, helse og trivsel til barnet. Barnehagen inviterer også inn til felles foreldremøte ein gong i året.

5.2 Det daglege samarbeidet

Vi har også eit tett foreldresamarbeid i hente- og bringesituasjon. Her blir vert beskjedar utveksla. Den gode relasjonen mellom barn, foreldre og personale blir ivaretatt.



Elles nyttar vi Kidplan, e-post og telefon som informasjonskanal

*«Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnets behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling, jf. Barnehagelova§1.».*RP

6. Tilvenning

«Når barnet begynner i barnehagen, skal personalet sørge for tett oppfølging den første tida, slik at barnet kan oppleve tilhørsle og føle at det er trygt å leike, utforske og lære»(RP s. 33).

I samarbeid med heimen legg vi til rette for at barna skal få ein trygg og god start i barnehagen. Barna skal vidare få ein god overgang til ny avdeling, og ein trygg og god overgang når dei startar på skule.

Vi inviterer til å kome på besøksdagar i forkant av oppstart. Når barnet startar i barnehagen, får barnet og dei føresette god tid til å bli kjent med barnehagen. Dei første dagane er barn og føresette saman, medan barnet gradvis får tid åleine utan at foreldra til stades. Ein vil få god informasjon om tilvenninga før oppstart. God dialog mellom foreldre og barnehage er viktig heile vegen.



7. Overgangar

Når barnet går over til ny avdeling, brukar vi mykje tid på å bli kjent med den nye gruppa, personalet og barna. Ein fordel er at barnehagen er liten og samarbeidet tett i kvardagen gjennom heile året. På våren og sommaren har vi ekstra fokus på å øve på å vere sjølvstendig i påkledning og måltid. Vi arrangerer også besøksgrupper og felles turdagar for å bli kjent med ny avdeling, barn og personale gradvis på ein trygg måte.

8. Barnehage- skule

Det siste året i barnehagen har vi førskule, der vi jobbar med å førebu barna på skulestart. I samarbeid med heim og skule har vi ulike møtepunkt med skulen. Målet er at barna skal bli kjent, og vi utvekslar informasjon som er nødvendig for å gi kvart enkelt barn ein best mogeleg overgang. Føresette må samtykke i den informasjonen som blir formidla.

«Dei eldste barna skal få høve å gle seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehage og skule»(RP s. 33).

Førskulegruppa jobbar gjennom heile året med det pedagogiske verktøyet Trampoline.

Hovudfokuset er å legge eit godt grunnlag før skulestart, der ein kjenner glede og meistring ved å lære noko nytt. Vi brukar uteområdet og gymsal til skulen. På hausten invitera vi 1. klassingane tilbake til barnehagen for å hjelpe med å ta opp poteter, som dei sette på våren.



9. Progresjon

Gjennom tida barna går i barnehagen utviklar dei seg , dei lærer og opplever framgang i alt dei gjer.

«Alle barn skal kunne oppleve progresjon i barnehagens innhold, og barnehagen skal kunne legge til rette for at barn i alle aldersgrupper får varierte leike-, aktivitets- og læringsmuligheiter» RP.

Barnehagen skal legge til rette for aktivitetar som passar kvart enkelt barn i forhold til alder og modning. Dette gjer vi gjennom observasjonar, samtalar og dagleg kontakt med barna. Personalet tar utgangspunkt i barnas interesser og bygger vidare på dette for å gi barna nye erfaringar og opplevingar. Gjennom personalet si evaluering ser ein korleis ein skal tilrettelegge, følgje opp og gi barna nye utfordringar.



10. Rammeplan for barnehagen

Gjennom rammeplanen har kunnskapsdepartementet fastsett til kva som er barnehagen sitt innhald og oppgåver. Barnehagen jobbar målretta med innhaldet i rammeplanen, og brukar denne som eit grunnlag i det pedagogiske arbeidet.

Barnehagen skal møte barna sine behov for omsorg, trygghet, tilhøyrse og anerkjenning. Barnehagen skal sikre at barna får ta del i og medverke i fellesskapet. Barnehagen skal fremme demokrati, mangfald, gjensidig respekt, likestilling, berekraftig utvikling, livsmeistring og helse.

10.1 Formålet med og innhaldet i barnehagen

«Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, læring, leik, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna» (RP s. 19)

Det er viktig med god planlegging av aktivitetar i kvardagen, og dei pedagogiske opplegga vi har saman med barna. Vi evaluerer og planlegg i forkant av året, der vi utarbeider barnehagen sin årsplan. Kvar avdeling utarbeidar i tillegg sine periodeplanar.

I dette arbeidet er det viktig med medverknad frå barna, noko som krev at personalet gjer gode observasjonar av barna sine behov og interesser. Arbeidet blir evaluert undervegs, og vi gjer endringar når vi ser det er nødvendig. Vi dokumenterar barna sin kvardag gjennom t.d. bilde, tekst og observasjonsskjema til foreldresamtalar.

11. Fagområda i rammeplanen



Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver gir ei forpliktande ramme ovanfor personalet for planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagen sin verksemd. Vi ønskjer her i årsplanen å legge fram korleis vi gjennom året jobbar med rammeplanen sine sju fagområde. Sjølv om vi no deler innhaldet inn i fagområde, så vil desse fagområda overlappe kvarandre i stor grad og gå igjen i alt vi gjer.

9.1 Kommunikasjon, språk og tekst

<p>I Rammeplanen står det: <i>«I barnehagen skal barna møte ulike språk, språkformer og dialekter gjennom rim, regler, songar, litteratur og tekst frå notid og fortid. Barnehagen skal bidra til at barn leikar med språket, symbol og tekst, og stimulerer til språkleg nysgjerrigheit, bevisstheit og utvikling».</i></p>	<p>Dette gjer vi i barnehagen gjennom:</p> <ul style="list-style-type: none">- ASK*- Samling- Rim og reglar- Song- Forteljing- Bok/høgtlesing- Bilder og tekst på avdelinga- Spel- Kvardagsamtale- Leik- Dagtavle- Snakkepakken
--	--

* ASK står for Alternativt supplerande kommunikasjon som er eit hjelpemiddel

9.2 Kropp, rørslle, mat og helse

<p>I Rammeplanen står det: <i>«Barnehagen skal bidra til at barna blir kjende med kroppen sin og blir bevisste på eigne og andre sine grenser.... Gjennom medverknad i mat og måltidsaktivitetar skal barna motiverast til å ete sunn mat og få ei grunnleggjande forståing for korleis sunn mat kan bidra til god helse».</i></p>	<p>Dette gjer vi i barnehagen gjennom:</p> <ul style="list-style-type: none">- Gymsalen- Turar- Uteområdet- 4 balanserte måltid i veka- Matlaging/baking- Heimelaga grovbrød- Kjøkkenhage/Drivhus- Kvile/Yoga- Dans og musikk- Bading
--	--

9.3 Kunst, kultur og kreativitet

<p>I Rammeplanen står det: «I barnehagen skal barna få estetiske erfaringar med kunst og kultur i ulike former og organisert på måtar som gir barna høve til utforsking, fordjuping og progresjon. Barna skal støttast i å vere aktive og skape eigne kunstnariske og kulturelle uttrykk».</p>	<p>Dette gjer vi i barnehagen gjennom:</p> <ul style="list-style-type: none">- Forming med ulike naturmateriale- Sansekasse- Dramatisering/visualisering- Landart- Kostymer- Leik- Musikk- Dans/bevegelse
--	--

9.4 Natur, miljø og teknologi

<p>I Rammeplanen står det: «Opplevingar og erfaringar i naturen kan fremje forståing for eigenarten til naturen og barna sin vilje til å verne om naturressursane, bevare det biologiske mangfaldet og bidra til berekraftig utvikling....Barnehagen skal leggje til rette for at barne skal få eit mangfald av naturopplevingar og få oppleve naturen som arena for leik og læring».</p>	<p>Dette gjer vi i barnehagen gjennom:</p> <ul style="list-style-type: none">- Bokashi kompost- Sortering av avfall- Høner og kaniner- Kjøkkenhage og drivhus- Observere ulike dyr og insekt i naturen- Dyr og dyrespor i naturen- Plukke boss i naturen- Omsorg for dyra i bygda- Saueklipp/partering av lam- Erfare dei ulike årstidene- Utforske/eksperimentere
---	--

9.5 Mengd, rom og form

<p>I Rammeplanen står det: «Barnehagen skal synleggjere samanhengar og leggje til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i dagleglivet, i teknologi, natur, kunst og kultur, og ved å sjølv vere kreative og skapande».</p>	<p>Dette gjer vi i barnehagen gjennom:</p> <ul style="list-style-type: none">- Tal og teljing- Perle- Begrepslæring- Symbol på veggane- Puslespel/spel- Snakkepakken- Konstruksjonsleik- Lego- Plastalina- Baking/ matlaging
--	---

	<ul style="list-style-type: none"> - Gym- hinderløype, orientering - Førskulegruppe - Turbingo
--	---

9.6 Etikk, religion og filosofi

<p>I Rammeplanen står det: <i>«Barnehagen skal skape interesse for mangfaldet i samfunnet og forståing for livsverda og levesettet til andre menneske. Gjennom å samtale om og undre seg over eksistensielle, etiske og filosofiske spørsmål skal barn få høve til sjølv å formulere spørsmål, lytte til andre, reflektere og finne svar».</i></p>	<p>Dette gjer vi i barnehagen gjennom:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Gode verdiar - Sosial kompetanse - Toleranse og respekt - Normer og reglar - Høgtider og tradisjonar - Undre seg saman - Synleggjering av mangfaldf
---	---

9.7 Nærmiljø og samfunn

<p>I Rammeplanen står det: <i>«Barns medverknad i kvardagslivet i barnehagen legg grunnlaget for vidare innsikt i og erfaringar med å delta i eit demokratisk samfunn. Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunn og verda».</i></p>	<p>Dette gjer vi i barnehagen gjennom:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Besøke dyr i nærområdet - Turar til fjøre, skog og fjell - Besøke bondegard/traktor/dyr - Skulen og fotballbana - Mini fjelltrim - Rydde nærmiljøet - Bibliotekbesøk - Bading på Ulsteinarena - Kulturarrangement på Sjøborg
---	--

12. Kontakt

BLÅTINDEN BARNEHAGE SA
Ringstaddalen 14
6064 HADDAL



Telefon:

Hovudnummer 45 72 17 94

Bærtua 95 25 72 78

Fuglereiret/ Ørnene 98 90 51 41

Fuglereiret/ Spurvane 94 01 33 51

E-post

Administrasjon: post@blatinden.no

Fuglereiret: fuglereiret@blatinden.no

Bærtua: baertua@blatinden.no

Heimeside

blaatinden.barnehage.no

Facebook

Blåtinden barnehage

Instagram

[blatindenbhg](https://www.instagram.com/blatindenbhg)